


KYRKJEBLAD

For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen



Vi takkar Dagfinn Køhn for 33 år som organist. Side 4: Les intervju med organisten vår.



Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITESEID

Telefon: 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
www.kviteseid.sokn.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Håkon Heggtveit
Mobil tlf: 91 18 37 50



Kyrkjeverje
Kristen Salmelid
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Jan Haugen
Mobil tlf: 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Sokneprest
Møyfrid Lunde
Kontor tlf: 35 06 81 32
Mobil tlf: 46 90 72 31
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjelydssekretær og
trusopplærar i permisjon.**
Birgitte Nødland Danielsen
Kontor tlf: 35 06 81 28
sekretaer@kyrkjetrappa.no



Organist
Dagfinn Køhn
Kontor tlf: 35 06 81 48
kantor.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Prostidiakon
Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.
Framsidefoto: Olav Mosdøl.
Design: ETN Grafisk.

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 88041 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

Å tene kvarandre

Av sokneprest Møyfrid Lunde

I sommar avsluttar organisten vår ei lang og tru teneste. Å vere organist er noko meir enn å vere musikar. Som organist nyttar ein sine musikalske evner i teneste for fellesskapet. Ein skal ikkje fyrst og fremst få det beste ut av fingrar og instrument, men ein skal tene til at kyrkjelyden kan syngje ut i både sorg og glede. Her i bladet kan de lesa om noko av den omtanken som Dagfinn har lagt ned i denne tenesta.

Som prest prøver eg å lære konfirmantane at gudsteneste er noko vi gjer saman som kristne. Det er annleis enn å vere publikum for det som går føre seg på ei scene. I gudstenesta deltek alle. Konfirmantane vert gjerne involvert i særlege tenesteoppgåver som å dele ut salmebøker, lese tekstar, stå med evangelielys, hjelpe til ved dåp eller anna. I desse tenestene er ikkje poenget at ein skal prestere noko for å framheve seg sjølv. Alt skal tene fellesskapet og det vi gjer saman i gudstenesta. For i gudstenesta står vi saman i møte med den treeinige Gud.

Då er det fint å høyre ulike stemmer, både gamle og unge. Frå hausten treng vi fleire nye som vil engasjere seg som tekstlesarar, ha klokkarteneste, lese

forbøna, eller ordne kyrkjekaffi. Kanskje du sjølv kan tenke deg ei slik teneste? Eller kanskje du vil oppmuntre ein du kjenner til dette? Eg er glad for alle som melder seg til teneste!

Å sitje i soknerådet er ei anna og viktig teneste for fellesskapet som vi bytter på i kyrkja vår. Derfor er eg veldig glad for alle som har sagt seg villige til å stille til val no til hausten!

Det er Jesus som har lært oss at måten å gjøre det på i kyrkja er å tene kvarandre. Den siste kvelden han var saman med lærersveinane sine før han skulle takast til fange, avslutta han måltidet dei hadde saman ved å gje dei dette føredøme: Han la frå seg kappa si, tok eit linklede og batt det om seg, slo vatn i eit fat og tok til å vaske føtene deira og tørka dei med handkledet. Han som var meisteren og herren deira, gjorde seg til tenar for dei.

Det er fint å kunne tene kvarandre, fellesskapet treng deg! Likevel er det beste den tenesta Jesus har gjort for oss. Som han sa: «Menneskesonen er heller ikkje kommen for å la seg tena, men for sjølv å tena og gje livet sitt til løysepenge for mange.» (Matt 20,28)

Postludiet nærmar seg

Når juli er over, har Dagfinn Køhn (68) spela sine siste toner som organist i Kviteseid. Dei blir eit postludium etter 33 år i stillinga, men vi vonar å høyre musikken hans i mange år framover i vikaroppdrag og frivillig teneste.

Dagfinn er fødd i Mandal, men budde i Farsund frå han var åtte. Musikken fekk han med seg frå fyrste stund. «Far min spela fiolin, leia bedehuskor og spela i orkester og andre musikkgrupper.» Dagfinn fekk pianoundervisning frå han gjekk i 2. klasse, og etterkvart kunne han både akkompagnere faren og vere pianist for det lokale strykeorkesteret. I gymnastida var han også organist i ei av kyrkjene i kommunen.

Så tok Dagfinn lektorutdanning i Oslo med faga norsk, kristendomskunnskap og musikk. Ikkje uventa vart det hovudfag i musikk. I den perioden spela Dagfinn i bryllupet til ein ven, og forlovaren til brura var ei jente frå Notodden som heitte Ellen Katrine. «Eg hugsar eg vart imponert over henne», fortel Dagfinn. «Ho framførte forlovartala si som ein solosong.» Så vart det sot musikk for fleire enn brureparet. Ellen Katrine og Dagfinn gifta seg året etter, i 1974.

I tre år arbeidde Dagfinn på Tryggheim folkehøgskule på Nærø. Så kom dei til Kvitsund, som var vidaregåande skule.

Det passa betre for utdanninga hans. I tre år var han også deltidsorganist, og i 1990 vart han organist på heiltid. «Eg treivst godt med undervisning og med å jobbe blant unge menneske, men det var mykje og tidkrevjande rettingsarbeid i norskfaget, så eg valde å gå inn i full stilling som organist.»

Dagfinn trivst i arbeidet sitt. «Det har vore fint å arbeide med kor, både barnekora, ungdomskora og Kyrkjekoret. Korarbeidet gjev meg inspirasjon. Adventskonsertane har òg vore fine opplevinger. Vi har eit rikt musikkliv i kommunen vår.» Men det viktigaste for Dagfinn er å vere gudstenestearganist og leie kyrkjelyden i liturgi og salmesong. «Folk tenkjer kanskje ikkje på det, men ikkje minst organisten er ansvarleg for framdrifta i gudstenesta. Han må kjenne liturgien og vere vaken heile tida, så det blir ein god og naturleg flyt, og ikkje minst må han ha god kommunikasjon med liturgen.»

I salmesongen er det viktig å skape ein god rytme. Dette er Dagfinn dyktig til. «No er kyrkjelyden van med meg», seier han audmjukt, men vi veit at det handlar om meir. «Forspelet etablerer ein rytme. Eg syng ikkje med sjølv, men pustar i takt med songen, så eg veit korleis det skal syngjast. Ein skal ikkje kvile mellom strofene, men orgelet kan avslutte strofa litt tidleg for å byrje på neste i rett tid.»



Sjølv om Dagfinn står for musikken, meiner han at teksten er det viktigaste i kyrkjeleg samanheng. Musikken skal gje teksten venger og bere fram den kristne bodskapen.

Korleis har du opplevd utviklinga når det gjeld salmane i kyrkja?

Den viktigaste endringa kom med den nye salmeboka i 1985, «den grøne.» Ho tok vare på dei gamle kjernesalmane, men språket vart fornya. Det måtte til for at tekstane skulle kommunisere i vår tid. Dessutan fekk vi mange nye salmar inn. I eldre tider vart mange salmar sunge på same melodi. No er tendensen at salmane får kvar sin melodi. Det er fint for dei faste kyrkjegjengjarane, men dei som går sjeldan til gudsteneste,


opplever at mange salmar er ukjende. Elles må vi ta omsyn til ulike aldrar. Ungdomen ynskjer eit anna uttrykk enn dei eldre, og generelt må vi vere opne for ulike stilarter.»

Har du ein favorittsalme?

«Det må bli ‘Jeg løfter opp til Gud min sang.’ Både tekst og melodi talar til meg. Her lyfter melodien teksten på ein fin måte.

Og kva med utviklinga i liturgien?

«Eg ser ein stor verdi i å ha ei fast liturgisk ramme for gudstenesta, men også liturgien må fornyast. Tidleg på 90-talet hadde kyrkja prosjektet «Nytt i Guds hus». Det gjorde gudstenestelivet rikare med m.a. bibelske salmar



eigne liturgiar utanom høgmessa. Vi innførte ein del av dette, langsamt og nøkternt, så det vart trygt samtidig som det vart nyskapande.»

Kan all musikk bli nytta i kyrkja, er musikken nøytral?

«Eg vil nok seie at musikken er meir nøytral enn mange meiner. Men ikkje all musikk er tenleg i alle samanhengar. I kyrkja skal musikken tene bodskapen. Det er naturlegvis ulike meiningar om kva som er vakkert, og opp gjennom historia har det vore mange diskusjonar om kva for musikk som er oppbyggeleg og kva for toneskalaer som har god verknad på menneskesinnet. Det vert fortald frå antikken at det kom ein

fløytespelar til ein flokk med urolege ungdomar. Då var det ein som bad han spele i ein særskild skala, og det førte til at dei unge roa seg.»

Lyttar du mykje på musikk, og kva for musikk likar du å høre på?

«Det skilst periodar. Til tider kan det gå veker mellom kvar gong eg set meg ned for å lytte, og eg har ikkje ei stor cd-samling, må eg medgje. Eg vel helst klassisk musikk, gjerne Bach, Beethoven og Mendelssohn.»

Likar du pop-musikk?

«Det er ikkje slik at eg slår av radioen når det kjem pop, men eg har vore lite oppteken av pop-musikk, også i ungdomen faktisk. Men eg har sans for rolig jazz.»

Korleis blir det så å bli pensjonist?

«Eg veit ikkje. Eg har ingen faste planar, men har lyst til å lese, og så vil eg gå turar - og drive med musikk.»

Siste helga i juni blir det avskjed, konserт på laurdagen og gudsteneste og fest på sundagen. Mange av dei som har sung i kor for Dagfinn, vil vere med. «Ein kan kalle det ei musikalsk avrunding. Korkje eg eller utøvarane skal vere i fokus. I kyrkja er det ikkje prestasjon som gjeld, men formidling av det kyrkja står for.» Dagfinn er altså ikkje spesielt glad i pop-musikk, men vi, heile Kviteseid-samfunnet, vågar ei strofe frå ABBA: «So I say thank you for the music, for giving it to me.»

Tekst og foto: Øyvind A. Jørgensen

Velkommen til dåp i kyrkjene våre!

Tekst: Møyfrid Lunde

Vi vil gjerne dele gleda over kvart nytt barn i soknet og ønsker velkommen til dåp i ei av kyrkjene våre. Tidlegare fekk kyrjekontoret tilsendt fødselsmeldingar frå det offentlege slik at vi kunne sende invitasjonar til nybakte foreldre. På grunn av personvernloven er ikkje dette mogleg lenger. Difor ber vi dykk om sjølve å ta initiativet via vår nettside, per e-post eller telefon.



Når

Det er vanleg å døype i løpet av dei tre første månadene, men nokre barn er eldre. Nesten kvart år har vi dåp av konfirmantar som ikkje vart døypte som barn, og som likevel vel å bli ein del av kyrkja gjennom dåp og konfirmasjon. Vi døyper òg vaksne som ikkje tidlegare er døypte.

Registrering

Når de har bestemt dykk for dåp, går de inn på www.kviteseid.sokn.no og vel dåp i menyen til venstre. Då får ein opp datoar for når det er gudsteneste i dei ulike kyrkjene. Her får du òg tilgang til å registrere alle opplysningane vi treng for å registrere dåpen hos oss. Barnet sitt namn skal vere registrert i folkeregisteret før dåp.

Fadrar

Barnet treng to til seks fadrar. Desse skal vere over 15 år, og dei skal normalt vere medlem i Den norske kyrkja. Fadrane deler eit særleg ansvar for barnet saman med foreldra i det som gjeld omsorg og oppseding i den kristne trua.

Dåpssamtale

Etter at ønsket om dåp er registrert, får de eit svar som stadfester at dato for dåp passar. Presten tek så kontakt i god tid før dagen, for ein samtale i forkant av dåpen. Denne er ofte privat hos dåpsfamilien, men kan òg vere på kyrjekontoret.

Barn som er døypte i andre kyrkjer i utlandet, vert ikkje automatisk medlem i Den norske kyrkje ved å flytte til Norge.

Dei kan bli medlem i Den norske kyrkja ved innmelding på www.kirken.no

Trusopplæringstilbod i Kviteseid sokn

Småbarnstreff med babysong (0-3 år) er eit tilbod for born i fylge med foreldre/besteforeldre. I songstunda syng me og brukar ulike regler saman med borna. Det serverast enkel lunsj, kaffe og te.

Tid: torsdagar kl 10.00-12.00.
Sangstund kl 10.30. Lunsj kl 11.00
Stad: Misjonshuset i Kviteseid

Utdeling av dåpsgåver (1-3 år etter dåp)
På ei gudsteneste på våren inviterer vi dei som blei døypte for 1, 2 og 3 år sidan. Borna får utdelt gåver som kan brukast i heimen.

1-åringar får cd: «Nå lukker seg mitt øye»
2-åringar får «Bibelboka mi»
3-åringar får cd-en «Hvem har skapt alle blomstene?»

Sundagsskule (2-10 år)

Me tenner ljós, syng saman, høyrer forteljingar frå Bibelen og gjer ulike aktivitetar.

Tid: ca ein sundag i månaden under gudstenesta kl. 11.
Stad: Barnas kapell i Kviteseid kyrkje.

Utdeling av 4-års bok

På hausten inviterer me dei som fyller 4 år til hausttakkefest, der dei får utdelt 4-årsboka og ei aktivitetsbok. Før gud-

stenesta har me ei samling for borna i fylge med vaksen. Me gjer oss kjent i kyrkja, syng, leikar og har aktivitetar.



Adventstreff for 5-åringar

Før advent inviterer me alle som fyller 5 år til ei gudsteneste. Der får dei utdelt ein adventskalender. Før gudstenesta har me ei samling for borna i fylge med vaksen. Me viser korleis ein kan bruke adventskalenderen i heimen, med forteljing song og leik.

Barnegospel (5-8 år)

Me øver på Misjonshuset i Kviteseid, annankvar torsdag kl 17-18. Av og til opptrer me på gudstenester eller andre arrangement. Velkommen til songglede, andakt, leik og litt å bite i.

Idrettsgruppe (1.-3.klasse)

Bli med å ha det moro med ulike idrettar og leikar! I pausen har me andakt og

et kake. Annankvar tysdag frå 17.30-19.00 i gymsalen på Kvitsund Gymnas. Oppstart etter haustferien. Kontingent kr.50 for kvart skuleår.

Tårnagenthelg (3.-4. klasse)

Tårnagentshelg vert arrangert ein laurdag ettermiddag og sundag føremiddag mellom jul og påske annakvart år.

Borna får agentbevis, løyser oppdrag og mysterium gjennom bibelforteljing, utforsking av kyrkjebygg og kyrkjetårn. Neste gong er i 2020.



Unge Røyster (4.-7. klasse)

Er du glad i å syngje, vere sosial, tulle og tøyse, leike, finne på ting saman? Ja, då er dette rette aktiviteten for DEG. Me over på misjonshuset annankvar måndag frå kl 17-18.

Idrettsgruppe (4.-7. klasse)

Bli med å ha det moro med ulike idrettar og leikar i gymsalen på Kvitsund! I pausen har me andakt og et kake.

Samlingane er annankvar tysdag frå 17.30-19.00. Oppstart etter haustferien. Kontingent kr.50.

Lys Vaken (5.-6. klasse)

Annakvart år inviterer me til eit opplegg med overnatting i kyrkja den første adventshelga. Det skjer i år.

Yngres i Vrådal (5.-10.klasse)

Annankvar tysdag i vinterhalvåret er det yngreskveld i Vrådal. Her er det andakt, tid til ulike aktivitetar, spel og god mat.

Kviteseid Soul Children (7.-10. klasse)

Velkomen til ein verkstad for song, dans og musikk. Øvingar annankvar tysdag kl 18-19.30 i musikkrommet i Kviteseid-hallen.

Skulelagsmiddag (7.-10. klasse)

Me lagar og et middag saman. Andakt og leik.



Idrettsgruppe (8.-10. klasse)

Idrettsgruppa er for deg som likar ballspel og leik. Me samlast annankvar torsdag i gymsalen på Kvitsund gymnas, frå kl 18-19.30. Me spring, leiker, spelar ball og har det moro saman. Midt i økta har med andakt og et noko godt saman. Oppstart etter haustferien.

Samtalegudsteneste med konfirmantane



Her er konfirmantar i aksjon med skriftlesing, evangelielys og flannellograf. Foto: Øyvind Jørgensen

Gjennom året har konfirmantane delteke som ministrantar på ulike gudstenester.

Til samtalegudstenesta 5. mai var det dei sjølve som hadde førebudd ulike deler av gudstenesta. Ei gruppe var vertskap og hadde pynt kyrkja med kvite blomar og stelt til kyrkjekaffe. Ei anna gruppe hadde valt salmar og musikk, ei gruppe hadde laga bønevandring, nokre stod

for lyd og bilete på lerretet, og ei gruppe hadde jobba med den delen av gudstenesta som dreier seg om Guds ord.

På gudstenesta deltok også både Kviteseid Soul Children og ei lovsongsgruppe. Men det var konfirmantane som sette ord på sine tankar i samtalene presten hadde med dei ulike tenestegruppene gjennom gudstenesta.

1. rekke f.v.: Anna Kveven Sørensen, Martine Ovastrøm Andersen, Guro Degnes Grave, Ida Ris, Margrethe Sigurdslid og Tuva Grindholm.
2. rekke f.v.: Sokneprest Mayfrid Lunde, Agnes Marie Hægeland, Isabelle Brekke Moore, Per Christian Lyng Larsen, Knut Straand Olsen, Aslaug Øy, Ingrid Syrtveit Mikalsen og Andrea Lid.
3. rekke f.v.: Anne Berge, Aasmund Kvålseth, Johanna Aamot, Sofie Fatima Engelstad Mota, Sondre Johan Strand, Svem Bakken Braun, Elias Grutt, Sindre Groven og Halvor Berge Haugan. Foto: Knut Nødland



BARNAS SIDE


Finn fem feil!

Dei to biletene under viser samme scene med ulike feil. Finn dei fem feila på biletene og markér dem med en prikk.



Fargelegg!

Bartimeus var blind. Då Jesus kom forbi, ropte Bartimeus på han. Jesus ga han synet tilbake.



Teikningar: Kari Sortland

Finn 10 jentenamn!

I rutenettet under har vi gøynt ti jentenamn. Namna står bortover og nedover. Klarar du å finne alle saman?

J	A	K	A	L	I	T	E	A
U	M	U	L	I	E	I	E	M
V	Ø	L	P	N	V	R	M	A
S	M	E	I	N	I	I	M	K
I	S	A	B	E	L	L	A	O
R	O	T	E	A	D	Y	K	K
I	F	A	T	U	E	K	N	O
L	I	N	O	R	A	M	A	L
S	E	N	K	V	S	A	S	I

Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Vitsar

Ein turist kom til Bergen på en regnversdag. Han spurde ein gut som gjekk forbi:

- Sei meg, regnar det alltid her?
- Eg vet'kje, svarte gutten, eg e bare elleve år.

- Audun hadde byrja i første klasse og skrytta til læraren sin:
- Pappa og eg veit alt!
 - Ja vel? Kva heiter hovudstaden i Mongolia, då?
 - Det er det pappa som veit.

Di stemme tel i Kyrkjevalet

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved Kyrkjevalet 8.-9. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting, og i eit vallokale like ved, kan du stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Du kan også stemme på førehand frå 10. august til 6. september. Sjå eigen annonse i VTB tidleg i august.

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatar til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Nedanfor ser du lista over dei som stiller som kandidatar til val på nytt sokneråd her i Kviteseid sokn. Dette er eit fleirtalsval, der du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Kandidataane med flest stemmer blir med i rådet.

Nominasjonskomiteens liste ved soknerådsvalet

1. Marit Gotuholt, f.1966, adjunkt m/tillegg, Kviteseid
2. Vidar Syrtveit Mikalsen, f.1968, adjunkt, Kviteseid
3. Aud Turid Fjågesund, f.1962, assistent, Fjågesund
4. Eva Lisbeth Lier, f.1957, pensjonist, Ordal
5. Marit Sørby, f.1952, rekneskapsmedarbeidar, Vrådal
6. Toralf Grave, f.1953, pensjonist, Kviteseid
7. Gudrun Nordbø Venås, f.1970, rekneskapsrådgjevar, Vrådal
8. Dagfinn Jone Køhn, f.1951, pensjonist (i val-tider), Kviteseid

9. Vigdis Bruhaug, f.1950, pensjonist, Morgedal
10. Jan Rune Bjørnson, f.1965, adjunkt, Kviteseid
11. Inge Waldenstrøm, f.1953, pensjonist, Kviteseid
12. Mari Gjersund, f.1952, pensjonist, Morgedal
13. Unni Snaunes, f.1960, barne- og ungdomsarbeidar, Vrådal
14. Sigrunn Moen, f.1955, adjunkt, Kviteseid

Ved val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet i Agder og Telemark stiller Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke lister. Dette er eit forholds-talsval, der den endelege samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidatar og i tillegg flytta over inntil tre namn frå andre lister til den lista dei stemmer på.

Bispedømerådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkje.

Fyrste veka i august får alle medlemene i Den norske kyrkja eit valkort og ein brosjyre om valet. Følg med i postkassa, møt opp og stem! Alle medlemmer som har fylt 15 år innan utgangen av året har stemmerett.

Les meir om kandidataane og kyrkjevalet på www.kviteseid.sokn.no og på www.kyrkjevalet.no

Smånotiser

Sponen til gamlekyrkja

Vi skreiv om denne produksjonen i påskenummeret. Ei veke ut i mai fortel Halvor Bjåland at om lag 3800 spon er ferdige og at dei har fått tak i det som trengst av tømmer til dei resterande 12-1300. Kløyvinga av desse emna vil truleg vere ferdig i løpet av mai, men skantearbeidet med øks vil ta sommaren og noko av hausten.

Olav Holm ny organist

Olav Holm er tilsett som organist i 70 % stilling frå 01.08.2019. Vi ønsker han

velkommen og vil presentere han næra-re i neste blad.

Godhetsveka 2019

Det vart lagt ned over 300 dognadstimar fordelt på 37 oppdrag i Godhetsveka i år. Takk til alle medarbeidarar, dei som baka og ikkje minst dei som opna heim og hage til gjensidig glede og vennskap.

Dugnad på kyrkjegardane

Takk til alle som stilte opp på dugnad på kyrkjegardane i kommunen. De gjer ein stor forskjell!

Døypte

Brunkeberg: Halvor Berge Haugann

Kviteseid: David Nødland
Danielsen

Jonathan Nødland
Danielsen

Oda Alice Sandland

Døde

Kviteseid: Solveig Florentz

Leif Jamtveit
Stig Sollid Bakken
Sofrid Dale

Meir himmel på jorda

Oppslagstavla

Ønsker du skyss til gudsteneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

Laurdag 29. juni kl. 18 i Kviteseid kyrkje:

Denne dagen arrangerer Dagfinn Køhn ei siste framføring med kyrkjekoret. For anledninga er tidlegare songarar inviterte til å vera med, og mange har takka ja. Det vert også nokre eksterne musikarar, og Dagfinn sjølv spelar nokre stykke på orgel. Men konsern vil han ikkje kalla det.

Avskilsgudsteneste

sundag 30. juni kl. 11.00 i Kviteseid kyrkje. Vår organist gjennom nesten 35 år, Dagfinn Køhn (68) går i sommar av med pensjon. Etter gudstenesta vert det ein openfest ved soknerådet på Misjonshuset.

Kveldsmessene

Hugs kveldsmessene i Kviteseid gamle kyrkje torsdagar i juli kl. 19.30.

Kyrkjelydens føremiddagstreff på Misjonshuset

25. september kl. 11

23. oktober kl. 11

Felleskyrkjeleg songmøte 29. september kl. 18 i Kviteseid kyrkje

Arvid Pettersen deltek med song, og det vert fellessong.

Busstur juli 2020 til m.a. pasjons-spelet i den tyske alpelandsbyen Oberammergau

Turen vert arrangert for kyrkjelydane i Øvre Telemark prosti i samarbeid med LB-tur. Reiseleiarar: Sokneprest Rune Lia og organist Dagfinn Køhn.

Set av dagane i ferieplanen for neste år. Meir informasjon kjem i neste blad. Påmelding, info, pris etc.: Rune Lia, tlf 909 80 803 eller Dagfinn Køhn tlf 970 42 675

Misjonshuset i Kviteseid

August

27.08. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Kjell Lofstad
31.08.-01.09.? familieir Trovassli

September

03.09. kl. 19.00 Tysdagsmøte – musikkmøte/konsert – Gunnar Ajer
08.09. kl. 11.00 0-100 Opningsmøte – Ragnar Nørstrud
10.09. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Asborg Krogen
17.09. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Kirsten Eliassen
22.09. kl. 11.00 0-100 Hans Arne Rogn
24.09. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Nils Jørgen Hardang
29.09. 0-100?

Oktober

01.10. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Sam Tore Bamle
08.10. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Jens Iver Jensen
13.10. kl. 11.00 0-100 – Martha Irene Eriksrød
15.10. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Kjell Johan Nenseter

Gudstenester

RETURADRESSE:
KYRKJEKONTORET
KVITESEIDGATA 13
3850 KVITESEID

JUNI

Sun. 16. Treeiningssundag,

Luk 24, 45-48. Kv. gamle kl .11. Gudsteneste v/ Møyfrid Lunde og Dagfinn Køhn. Nattverd. Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

Sun. 30. 3. sundag i treeiningstida,

Mark 10, 13-16. Kviteseid kl. 11. Avskilsgudssteneste for organist Dagfinn Køhn. v/Møyfrid Lunde og Dagfinn Køhn. Kyrkjekoret m.fl deltek. Nattverd. Ofr. kyrkjelydens misjonsprosjekt. Avskilsfest på Misjonshuset etter messa.

JULI

Kvar torsdag i juli:

Kviteseid gamle kyrkje kl. 19.30 Kveldsmesse v/ Dag Harald Undheim og Dagfinn Køhn. Kyrkjekaffe.

Sun. 7. 4. sundag i treeiningstida,

Matt 9, 35-38. Brunkeberg kl. 18. Gudsteneste v/ Dag Harald Undheim og Dagfinn Køhn. Nattverd. Ofr. Dei fire diakoniinstitusjonane.

Sun 14. Inga gudsteneste

Sun. 21. Aposteldagen,

Mark 3, 13-19. Kviteseid kl. 18. Gudsteneste v/ Dag Harald Undheim og Dagfinn Køhn. Nattverd. Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt.

Sun. 28. 7. sundag i treeiningstida,

Mark 5, 25-34. Vrådal kl. 11. Gudsteneste v/ Dag Harald Undheim og Dagfinn Køhn. Nattverd. Ofr. Tro og medier.

AUGUST

Sun 4. Inga gudsteneste

Sun. 11. 9. sundag i treeiningstida,

Luk 6, 36-42. Kilen kl. 11. Gudsteneste v/

Møyfrid Lunde og Olav Holm, Nattverd, Ofr. Det teologiske menighetsfakultet.

Sun. 18. 10. sundag i treeiningstida,

Mark 11, 25-26. Friluftsgudsteneste kl. 11. v/Møyfrid Lunde og Olav Holm. Ofr. kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

Sun. 25. 11. sundag i treeiningstida,

Joh 8, 31-36. Kv. gamle kl. 11. Gudstenestev/ Møyfrid Lunde og Olav Holm, Nattverd. Ofr. Kyrkjelydsarbeid.

SEPTEMBER

Sun 1. Haustattakkefest,

Luk 11, 3. Kviteseid kl. 11. Familiegudsteneste v/Møyfrid Lunde og Olav Holm. Utdeling av 4-årsbok. Ofr. Bibelselskapet.

Sun 8. 13. sundag i treeiningstida,

Joh 15, 13-17. Vrådal kl. 11. Gudsteneste v/ Møyfrid Lunde og Olav Holm. Nattverd. Ofr. NLM.

Sun 15. Inga gudsteneste.

Sun 22. 15. sundag i treeiningstida,

Joh 15, 9-12. Fjågesund kl. 11. Gudsteneste v/Møyfrid Lunde og Olav Holm. Nattverd. Ofr. Kvitsund.

Sun 29. 16. sundag i treeiningstida,

Matt 11, 16-19. Brunkeberg kl. 11. Gudsteneste v/Møyfrid Lunde og Olav Holm. Gullkonfirmantar. Nattverd. Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

OKTOBER

Sun 6. 17. sundag i treeiningstida,

Mark 5, 35-43. Kviteseid kl.11. Gudsteneste v/Møyfrid Lunde og Olav Holm. Nattverd. Ofr. Kirkens SOS i Telemark.

Sun 13. Inga gudsteneste.